

Referat frå elevrådsmøte 03.02.2026

Desse møtte: Joris og Frida frå 2.årssteg, Mathias frå 3. årssteg, Lotte og Oskar frå 4.årssteg, Malin og Maylinn frå 5.årssteg, Matas og Anders frå 6.årssteg, Liam frå 7.årssteg, rektor Linda.

Leiar og referent: Linda Selheim

Gjennomgang av referat frå førre møte

Ikkje alle representantane hadde fått gjennomgått referat og førebudd seg til møtet. Det er svært viktig at elevrådsarbeid blir prioritert framover. Elevane har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei og deira skulemiljø, og skulen er forplikta til å fremje eit godt elevdemokrati. Elevrådet ber innstendig om at dette blir prioritert framover!

Helsefremmande skule

Nokre årssteg melder om at dei kjenner godt til Ava og Orberto og at tema innan Helsefremmande skule blir drøfta og tatt opp i klassane. Andre årssteg seier at dei sjeldan høyrer om dette. Her kan det virke som om det er ulik praksis på årsstega. Elevrådet ber om at alle lærarane held seg til skulen sine planar som dei er forplikta til å jobbe etter!

Elevrådet reagerer på at det ofte er kaker og snop på personalrommet til lærarane. Dette blir oppfatta som negativt og urettferdig! Lærarane må vere gode rollemodellar og følgje råda som kjem frå Helsefremmande skule.

Elevrådet vil vere med når det blir utarbeida kosthaldsråd for skulen.

Tilbakemelding frå Leseaksjonen

Elevrådet melder om kjekke aktivitetar og god stemning kring leseaksjonen. Nokre melder likevel om at bøkene og lesestoffet dei hadde tilgang til var kjedeleg.

Gjennomgang av oppfølgingsplan etter Elevundersøkinga

Planen blei gjennomgått og elevrådet hadde få kommentarar. Fleirtalet kjende seg ikkje att då det blei snakka om Vurdering for læring, så her er det bra at skulen har ein plan for å følgje opp.

Saker og førebuing til neste møte:

- Referat frå førre møte må gjennomgåast!
- Innspel til kosthaldsråd for Spildepollen skule og SFO: Kva mat oppmodar elevane at vi skal ha på skulen? (niste/matpakke, kantine, feiringar, avslutningar, kos)
- FAU har gjort vedtak om at dei skal arbeide for elevane på Spildepollen skule skal ha ein smarttelefonfri barndom. Kva tykkjer elevane om dette? (fordelar og ulemper)
- Informasjon om mobbeombodet i Vestland (rektor informerer på møtet)